## Endring av ansvarsrett på Eikelandet

17.11.2008




Eikeland-bustadane blir eit spanande prosjekt. Dette er to fasadar - mot vest og nord. (Teigning av arkitekt Ove Grung, Bergen)

**Bustadprosjektet på Eikelandet skal koma i gang like over nyttår og alt tyder på at det innber noko nytt og spanande i Uskedalen.**

Det siste som har skjedd er at arkitekt Ove Grung har underretta kommunen om at han trekkjer seg som ansvarleg søkjar samt prosjekterande for bygningar og installasjonar i samband med denne byggjesaka.

Men Grung presiserer at dette ikkje har nokon dramatikk over seg, men har med praktiske tilhøve å gjera.

J. Tufteland AS på Stord vil ta over ansvarsretten for bygningar og installasjonar medan Grung arkitektur blir prosjekterande arkitekt for dei åtte bustadane som kjem til å liggja der gamle Uskedalen Trelastlager låg.

Under neste møte i Dialogforum til Uskedalen Utvikling - i desember - vil prosjektet truleg bli grundigare presentert. No er det Sagvåg Invest på Stord som står bak det-

Av Ola Matti Mathisen